

PLANINITIATIV

for privat reguleringsforslag for utviding av eksisterande massetak på Stokkeland, gnr. 49 bnr. 3.

April 2020

Formålet med planen

Masseuttaket på gnr. 49 bnr. 3 er eit eksisterande uttak, som det er ønskje om å utvide for kunne halde fram med tilsvarende drift som i dag.

Formelt grunnlag

I gjeldande kommuneplans arealdel er området avsett til *Andre typer bebyggelse og anlegg – nåværende*, med utgangspunkt i det uttaket som då var i drift (2016).

Uttaket er godkjent og inngår i Direktoratet for mineralforvaltning sitt uttaksregister, 3324 Stokkeland.

I samband med behandling av ein dispensasjonssøknad for vidare drift, sette planutvalet i kommunen krav om at det skal utarbeidast ein reguleringsplan for området.

Forslag til planavgrensing er vist på kartutsnittet under, og er i all hovudsak i samsvar med avgrensingane i kommuneplanens arealdel.



Planarbeidet

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med krava i plan- og bygningslova kap. 12.

Det betyr at ulike tema med omsyn på tryggleik, natur m.m. skal vurderast og synleggjerast både i risiko- og sårbarhetsanalyse og i planomtalen.

Vidare har Direktoratet for mineralforvaltning også utarbeid ein vegleiar for slikt reguleringsarbeid, som hjelp i planarbeidet.

Reguleringsplanen vil fastsette avgrensingane av masseuttaket, både geografisk og i volum. Det skal også gå fram korleis området skal istandsettast og brukast etter at uttaket er ferdig.

Tilkomsten til området vil bli regulert med utgangspunkt i eksisterande avkøyrsløse frå Stokkelandsvegen

Prosess

Planarbeidet har fleire faste milepæl undervegs i prosessen

1. oppstartsmøte med kommunen
2. annonsering og offentleggjering av planarbeidet, med høve til å komme med kommentarar og innspel
3. Utarbeiding av planforslag, dvs. plankart, tilhøyrande føresegner, planomtale, illustrasjon/uttaksprofil og istandsettingsprofil, ROS-analyse og eventuelle andre utgreiingar/vurderingar som kan vil bli kravd.
4. Kommunen som planmynde behandlar planen og evt. legg den ut til offentlig ettersyn og høyring
5. Kommunen vurderer mottatte merknader, og avgjer om planen skal fremjast til kommunestyre for godkjenning
6. Etter positivt kommunestyrevedtak, er planen gjeldande.

På dette grunnlaget ber tiltakshavar om at Vestnes kommune kallar inn til oppstartsmøte i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 og tilhøyrande forskrift § 2.

Med helsing

Ing. Jostein Bø